

Avtale mellom Voss IL og Voss Utferdslag om bruk av Rosethytta.

1. Denne avtalen regulerer bruk og drift av Voss IL si hytte på Roset (Rosethytta) som eit tilbod til ålmenta på lik linje med dei andre hyttene til Voss Utferdslag.
2. Hytta kan nyttast av ålmenta i tidsrommet 15. mai til 15.oktober.
3. Hyttestyret kan tillate bruk utanom sesongen for medlemmer i Voss IL og Voss Utferdslag etter særskild avtale med hyttestyret.
4. Hytta skal vera låst. Nøkkel heng i skåp med kodelås.
5. Voss IL har ansvar for vedlikehald, drift og tilsyn av hytta.
6. Voss Utferdslag har ansvar for:
 - a. T-merking av ruta til hytta.
 - b. Marknadsføring og informasjon til publikum.
 - c. Innkrevjing og rekneskap for besøk og overnatting på hytta.
7. For tenestene til Voss Utferdslag betalar Voss IL 30% av inntektene.
8. For bruk av hytta gjeld Voss Utferdslag sine prisar for medlemmar og ikkje medlemmar. Voss IL har eigne prisar for sine medlemmar. Alle prisar kan reviderast 1. kvartal kvart år.
9. Avtalen kan reviderast 1. kvartal kvart år.
10. Avtalen kan seiast opp av kvar av partane. Oppseiingstida er 1 år gjeldande frå 31. desember det året den vert sagt opp.

Voss 20.04.2016

Tore Tvilde
Styreleiar Voss IL

Richard J. Jacobsen
Styreleiar Voss Utferdslag